



Maria Malmsten har tilbud om privat songundervisning og stemmepleie kvar torsdag på Stemneplassen frå kl. 13.00. Eleven er Ingvild Toskedal.

**Privat songundervisning og stemmepleie starta opp i Uskedalen sist veke. Instruktør og leiar er songpedagog Maria Malmsten, ei drivande kvinne vi kjenner frå kor- og musikklivet på Stord og i Kvinnherad. Målgruppa er ungdom og vaksne personar som ynskjer å jobba med songstemma si, også for å utvikla seg sjølv og få meir ut av dei ressursane ein har gjennom song og musikk.**

Maria Malmsten har i periodar vore tilsett i Kulturskulen. Ho har også hatt privat songundervisning med base i Guddalshuset i Rosendal i to år. No er tilbodet flytta til Uskedalen, sentralt i Kvinnherad og fordi ho er musikalsk leiar for Røysterett for Alle og at ho likar seg godt i bygda.

Alt i dag har ho seks elevar. Det er plass til nokre til. Opplegget er variert, fleksibelt og med ulike innfalsvinklar. Nokre møter fram kvar veke, nokre møter 2. kvar veke og andre ynskjer ei pakke der ein tingar og prøver ut eit program på eit bestemt antal timar. Det kan til dømes vera innan klassisk song. Song og stemmebruk kan vera så mykje. Nokre brukar stemma feil og treng avslapping og stemmepleie. Det vert elles jobba med pust og uttale.

Maria Malmsten har lang erfaring som songpedagog og utøvar. Nett ho har ho det musikalske ansvaret for fem songgrupper og kor, på Stord, Bømlo og i Kvinnherad. Heime i Nord Sverige har ho si eiga songgruppe ( 6 personar ) med namnet Flattmelja som syng svenske viser og folkemusikk. Ho syng også tradisjonsmusikk i ein duo på heimplassen.

Maria understrekar at tilbodet hennar for ungdom ikkje skal vera i konkurranse med det som er i Kulturskulen. For dei som evt. står på venteliste, kan hennar tilbod vera eit alternativ.

**Øvingsdagen er torsdagar frå kl, 13.00 og utover ettermiddagen til ho skal på fast korøving med Røysterett. Øvingslokale ligg på Stemneplassen, sentralt i Uskedalen like ved Uskedal Bedehus. Ta kontakt for avtale på e-post: [mariamalmsten@sklbb.no](mailto:mariamalmsten@sklbb.no) eller mobil: 976 99 887**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

